

---

Saknr:	2020/36671-47
Saksbehandlar	Eva Margaretha Ørmen
Dato:	Vinjevoll 16.09.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for samferdsel og mobilitet

---

**Frå:** Avdelingsdirektør for mobilitet og kollektivtransport

---

## Høyringsinnspel til arbeidet med Regional transportplan - Ei kort oppsummering

Regional transportplan har no vore ute på høyring, og det har vore gjennomført tre høyringsmøte. I denne saka legg vi fram hovudtrekka av det som kom fram på møta og gjennom dei skriftlege innspela. Ein full høyringsrapport med alle innspel vil bli sendt ut saman med det endelege saksframlegget for Regional transportplan.

I dette notatet legg vi opp til ei tematisk framstilling av høyringsinnspela.

### Overordna

Dei fleste ser ut til å vere samd i at måla er gode og riktige. Hovudmålet i RTP er «Vestland skal ha eit trygt, effektivt og framtidsretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling».

Det er likevel bekymring kring korleis målkonfliktar skal handterast. Vi veit at det vil kome mange målkonfliktar, og desse må adresserast. Her er det ulike alternativ for å handtere dette. Eit alternativ er å drøfta målkonfliktar i dei einskilde saksframlegga, og be om ei vurdering av måloppnåing og målkonflikt basert på det som står i RTP. Eit anna alternativ er å utarbeide eit målhierarki på kva mål og omsyn som skal vege tyngst.

Vi har fått tilbakemelding på at det er altfor mange strategiar, som kan vere krevjande å sette opp mot kvarandre. Her vil administrasjonen sjå på grep for å stramme opp budskapet i strategiane.

### Fylkesvegnettet

Dei fleste innspela tyder på at utfordringane på fylkesvegnettet er godt skildra. Mange peiker på at det er riktig å prioritere vedlikehald framfor nybygg. Det som har fått mest merksemd blant innspela er rassikring, der vi ser eit skilje mellom dei to faglege grunnlaga som ligg til grunn. Enkelte miljø er svært uroa for at ÅDT skal få for stor vektning. Andre tema som har fått merksemd er beredskap, vegetasjon og trafikktryggleik. Dei fleste kommunar har spelt inn kva for nokre strekker som er viktigast for dei å få opprusta. Administrasjonen tek med seg desse listene i arbeidet med handlingsprogram.

Fleire kommunar har også lagt merke til at fylkeskommunen har foreslått ein gjennomgang av fylkesvegnettet for å vurdere omklassifisering av vegnettet, noko mange er skeptiske til dersom midlar ikkje følgjer med.

### Mobilitet og kollektivtransport

Hovudtilbakemeldingane på dette plantema er at fylkeskommunen må hugse at bilen står sterkt i distrikta, og er naudsynt for å i vare ta mobiliteten i distrikta i Vestland. Mange er positive til å

prøve ut nye smarte løysingar for kollektivtransport og ønskjer å vere med å teste pilotar i sine delar av fylket. For sykkel og gange er mange einige i at vi skal prioritere skuleveg, men dei ønskjer gjerne at vi også skal legge til rette for sykkelturnisme, og mellom kommunesentra. Vi har også fått eit innspel på at vi bør sette eit spesifikt tal på kor mykje gang- og sykkelveg vi skal bygge i perioden.

Trafikktryggleik for mjuke trafikantar blir trekt fram som eit viktig tema, og mange peiker på at ein forenkla og differensiert standard for gang- og sykkelnettet kan gjere at vi får forbetra tryggleik for fleire. Fleire har gitt innspel om tilpassing og styrking av rutetilbodet, betre korrespondansar og at kollektivtilbodet må henge saman mellom ulike ruter og transportmiddel.

### **Miljøloftet**

Temaet blir i all hovudsak godt tatt i mot, men nokre meiner at planen får eit for stort fokus på Bergensområdet. Dette er noko administrasjonen ser som naudsynt då utfordringane i dette området er svært annleis enn i dei fleste andre delane av fylket. Fylkeskommunen er ein viktig part i byvekstavtalen og temaet må difor adresserast i planen. Fleire kommunar peikar på viktigeita av gode innfartsparkeringar, og ein part er usamd i at innfartsparkeringane ikkje skal ligge i sentrumsområde. Bergen kommune har fått utsett frist i høyringa, så vi har ikkje mottatt tilbakemeldingar frå dei enno.

### **Finansiering**

Fleire peikar på at det er bra at fylkeskommunen jobbar med temaet «Meir veg for pengane», men vegvesenet har signalisert at dei er skeptisk til arbeidsmetoden med standardiserte fråvik frå vegnormalane. Andre tema i kapittelet får i stor grad støtte, men det er spelt inn både at rassikringsprosjekt utan store tidsgevinstar ikkje bør - og bør, finansierast med bompengar. Fleire tek til orde for å bygge ferjeavløysingsprosjekt.

### **Nasjonale ansvarsområde**

Ei tilbakemelding på dette feltet er at godstransport er for lite omtala, og at dersom fylkeskommunen meiner alvor med å ønskje meir gods på bane og sjø, så må det omtalast tydelegare, og prioriterast framfor gods på veg der dette er mogleg.

Fleire tek også til orde for at vi i Vestland må jobbe meir aktivt for å få ein elflypilot. Innkjøp av FOT-ruter med fly er flytta tilbake til staten, og fleire peikar på at det må takast til orde for å sikre flytilbodet internt i og ut av Vestland.

### **Handlingsprogrammet**

Fleire uttrykker at dei er skuffa over at arbeidet med handlingsprogrammet ikkje er kome lenger. I fyrste omgang vil budsjett og økonomiplan vere styrande. Det blir vurdert å utarbeide prioriteringslister fram mot fylkestinget desember 2021 for delar av fylkesvegområdet.

### **Strategi for mjuke trafikantar**

Til strategi for mjuke trafikantar har dei viktigaste innspela vore på strekningar dei ønskjer tilrettelegging for mjuke trafikantar på. Det var også dette administrasjonen har bedt om tilbakemelding på.

### **Strategi for berekraftig mobilitet**

Innspela til Skyss sitt arbeid vil i liten grad få følgjer for strategi for berekraftig mobilitet, men registrerer at mange er interessert i å vere med å teste ut nye løysingar. Det er naudsynt med innovasjonsmidlar for å kunne gjennomføre det arbeidet som strategien legg opp til.